

Ingen blir rettare i ryggen av stadig å få høyre at språket ditt berre er eit unødvendig irritasjonsmoment.

Les Fredric Holen Bjørdal på kommentarclass s.2

NR 4 • 2013 • ÅRGANG 12 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

## Nynorsken står støtt

Ordførar Gro Skartveit (V) meiner nynorsk er heilt naturleg i Finnøy. Likevel finst det andre utfordringar i øykommunen.

s. 18-20

## Språkleg omdømme

Mange nynorskfestivalar er med på å byggje kommunalt omdømme. Me har sett nærare på to av dei.

s. 8-9

## Vil stimulere til leselyst

LNK og nettavisa Framtida.no får 120 000 kroner frå Kulturdepartementet til eit leselystprosjekt.

s. 14

## Utviklaren



Foto: Toyni Tobekk

Ho er idealist til fingerspissane og har eit brennande engasjement. No skal ho leie mållagsarbeidet i Noregs Mållag.

• Sjå s. 12-13

## Godt samarbeid



Foto: Aasentunet

– Alle partigruppene i det nye stortinget vil ha viktige nynorskpolitikarar, seier Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum. Les meir om Stortingsvalet 2013 her:

• Sjå s.5-6

## Teater

Når vi fjernar oss frå leiken og knyter oss til materielle gode, veks avstanden mellom menneska.

Les Terje Lyngstad s. 21

## Språkåret

Året er ei påminning om at språkleg variasjon og mangfald finst og er verd å gle seg over

Les Arnfinn Muruvik Vonen s. 7



Ni nynorskpraktikantar har inntekke Førde. Frå venstre: Eirik Hildal (NRK), Thea Idsøe (Firda), Marit Brennset (Firda), Ina Eirin Eliassen (Firda), Kristine M. Stensland (Firda), Britt Kristin Ese (NRK), Idun Fivelstad (NRK), Tale Hauso (NRK) og Lars Ivar Nordal (NRK). Foto: NRK/Randi Indrebo

# Utdanning i sentrum

Magni Øvrebotten ved NRK Nynorsk Mediesenter er stolt over at Førde er blitt eit senter for utdanning av nynorskbrukande journalistar. Sentralt står NRK Nynorsk Mediesenter og systerorganisasjonen Nynorsk Avissenter,

som held til hjå lokalavisa Firda. – Førde har blitt lærestaden for nynorskbrukande journalistar fordi ingen av journalistutdanningane tek den oppgåva. Dei bryr seg ikkje, seier Øvrebotten. Side 11



## LEIAR

## Festival kan gje godt omdømme

**Ordførar Arne Vinje** i Vinje kommune meiner Litteraturdagane i Vinje er med på å byggje kommunen sitt omdømme. Det er ingen tvil om det.

Festivalar og store arrangement er samlande for mindre samfunn. Dei er med på å forsterke biletet av kommunen hjå omverda og ikkje minst med på å gje innbyggjarane ein felles identitet dei kan stå samla om.

Det er mange assosiasjonar knytte til kommunen Vinje. Litteraturen, ekteparet Vesaas og Odd Nordstoga er absolutt nokre av dei. Litteraturdagane i Vinje er med på å vise desse kvalitetane fram og setje kommunen på kartet.

**Kva festivalgjestane** legg att i kommunen, og kva ein reit økonomisk sit att med, er derimot verre å kartlegge. Men det er kanskje heller ikkje det store spørsmålet? Kanskje er den langsiktige effekten viktigare enn kronene som kjem i kassen under sjølve festivalen?

**I Aurland** har dei satsa på Nynorske litteraturdagar over lang tid. Det som byrja med at tidlegare ordførar Olav J. Ellingsen byrja å dele ut gratis barnebøker på nynorsk, er blitt ein årleg festival som trekkjer stor merksemd. I 2014 er det bestemt at festivalen skal organiserast utanfor den kommunale organisasjonen. Leinga i festivalen håpar ein skal finne ei solid plattform for vidare drift.

Det blir avgjerande for litteraturdagane, og det blir avgjerande for at nynorskfestivalen også framover skal vere med på å styrke omdømmet til kommunen.

# Rikdom og respekt

Som ørsting busett eit steinkast frå Ivar Aasen-tunet er det ei sjølvfølge for meg som komande stortingsrepresentant å melde meg inn i Løvebakken mållag. Og eg vil starte karrieren på Stortinget med å understreke mitt hovudpoeng i språkpolitikken: Min djupe respekt for nynorsken, for nynorskbrukarane, og mi glede over at vi har to livskraftige språk i landet vårt. Det vil eg nemleg at vi skal ha i framtida og. Eg synest det er ein rikdom, ikkje plunder og heft.

Språket er nemleg så mykje meir enn ein måte å gjere seg forstått på. Språk er kulturarv, identitet, og nynorsken fortel ei historie om kven vi er som folk. Slik vil eg at det framleis skal vere.

Det fleirkulturelle samfunnet handlar ikkje berre om nye minoritetar. Noreg har alltid vore eit fleirkulturelt samfunn, og samlivet mellom bokmål og nynorsk i 2013 fortel ei historie om nettopp dét. Det er ei historie om, og eit symbol på, tidvise brytningar mellom sentrum og periferi. Denne politiske dimensjonen blir ofte gjort narr av og framstilt som eit problem. Eg ser han først og fremst som ein fruktbar del av folkestyret.

Ikkje alle distriktslandsdelar er nynorskdistrikt, det er ikkje det som er poenget. Poenget er at nynorsken sin eksistens i 2013 fortel ei historie om at hovudstadsmiljøet, og makta der, ikkje har fått lov til å definere og diktere den norske samfunnsutviklinga aleine. Og det er bra. Klokskapen er jamt fordelt i landet, og det er ein styrke for oss som nasjon.

Så kan sikkert nokon hevde at nynorsken ikkje lenger har ein funksjon i så måte. Eg er ueinig, og vil peike på noko som ofte blir gløymd hjå dei som driv med lettvintharselas: Det å ikkje vise respekt for nynorsken, er å ikkje vise respekt for fleire hundre tusen nordmenn som har dette som sitt bruksspråk. Og respekt heng saman med sjølvvillit.

Då Einar Gerhardsen vart beden om å summere opp sitt politiske virke, svara han med den legendariske setninga «Ingen skal lenger måtte stå med *lua i handa*». Forfattaren Tarjei Vesaas skreiv på si side følgjande om verdien av nynorsken: «Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld – den stille nedbrytaren av grenser, den rolege og sikre oppbyggaren i eit folk.»

Dupast sett handlar det om det same: Om tryggleik og tru på seg sjølv. Og sjølv om målform tek ein langt mindre plass i det politiske ordskiiftet og det folk knyt til eigen identitet i dag, enn då språkstriden verkeleg raste, så skal vi likevel hugse dette: Ingen blir rettare i ryggen av stadig å få høyre at språket ditt berre er eit unødvendig irritasjonsmoment.

Med viktige unntak for nokre kommunar i det indre Austlandet og Agder er nynorsken i dag eit vestlandsfenomen. Og Vestlandet har stått som sjølve grunnmuren gjennom nynor-



**Fredric Holen Bjørdal,**  
nyvald stortingsrepresentant (Ap)

## KRONIKK

skan si historie. Det starta med sunnmøringen Ivar Aasen sitt imponerende livsverk. Dette vart løfta vidare av mange, men ikkje minst ei rekkje lysande vestlendingar som jærbuen Arne Garborg og sunnfjordingen Gustav Indrebø.

Derfor er – paradoksalt nok – harselas og nedvurdering av nynorsken også eit angrep på vestlandsk identitet og folkesjel. Paradoksalt, fordi bokmålsbrukarane på Vestlandet også er talrike. Den vestlandske sentrumperiferi-dimensjonen, «bymann mot stril»-fenomenet, har spegla seg på mange vis, men ikkje minst i ulike val av målform.

Vestlandet opplever no si verkelege stordomstid, og vestlendingane sjølve har all grunn til å kjenne seg stolte av det dei har fått til. Men samtidig som vi ikkje skal miste av syne dei næringane og distrikta som slit også her, skal vi ikkje miste av syne den kulturelle dimensjonen.

Språkpolitikken vart ikkje det store valkampemålet i riksmidia. Og når de høyre Arbeidarpartiet i debattar, vart det mest om kjernebodskapen arbeid til alle og forsvar for velferdsstaten. Det er difor viktig å nytte dette høvet til å gje eit tydeleg signal om kor eg og Arbeidarpartiet står i språkspørsmålet. Det handlar om å verdsetje rikdommen som ligg i ulike kulturtradisjonar, og om gjensidig respekt for kvarandre. Og at det er slik vi best møter utfordringane som står føre oss i åra som kjem.

*Språk er kulturarv, identitet, og nynorsken fortel ei historie om kven vi er som folk.*

# Vil motivere kommunane til meir nynorskbruk



**DELER UT:** Prisen Årets nynorskkommune vil bli delt ut 25.september av den stjandende kommunalministeren, Liv Signe Navarsete (Sp).

(Foto: Kommunal- og regionaldepartementet)

**Kommunal- og regionaldepartementet vonar prisen Årets nynorskkommune kan motivere kommunane til å løfte fram nynorsk som administrasjons-språk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Me håpar at prisen gjer fleire medarbeidarar i kommunen medvetne om korleis dei bruker språket sitt. I kommunar som ligg i eit område med mange bokmålskommunar og er under språkleg press, kan prisen styrkje nynorskbruken, seier rådgjevar Solveig Kolsrud i departementet.

**VIKTIG MED GODT SPRÅK**

Utdeling av prisen Årets nynorskkommune 2013 skjer i månadsskiiftet september/oktober, og vinnaren mottok 100 000 kroner. Kolsrud understrekar at prisen set nynorskbruken i kommunane på dagsorden, og at han vonleg kan inspirere andre kommunar til å bruke nynorsk meir aktivt.

– Hugs at god språkbruk i offentleg forvaltning er viktig for at innbyggjarane skal kjenne rettane sine og kunne delta i lokaldemokratiet.

Dei kommunane som kan søkje, er nynorskkommunar som har gjort ein innsats på eit eller fleire av desse områda: aktiv bruk og synleggjering av nynorsk i kommunale planar og aktiv bruk av nynorsk i omdøme- og informasjonsarbeid. Dette kan vere heimesider, skriftleg informasjonsmateriell til innbyggjarane, opplegg for generell marknadsføring av kommunen, til dømes gjennom kurs og anna opplæring i nynorsk, eller egne retningslinjer for nynorskbruk i kommunen.

**STIMULERER TIL NYNORSKBRUK**

Andre viktige kriterium for å vinne prisen er god målbruk blant tilsette, marknadsføring av nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement og tidleg nynorskinnsetts i barnehagar og barneskule.

Føremålet med prisen er å stimulere til god nynorskbruk i kommunane. Tidigare vinnarar er Stord kommune (2009), Seljord kommune (2010), Fjell kommune (2011) og Sogn

og Fjordane fylkeskommune (2012). Det er kommunane og

fylkeskommunane sjølve som søkjer om å bli med i konkurransen.

## Klart for nytt LNK-kort

**Snart er det nye LNK-kortet klart. I år er både Hordaheimen, Bondeheimen, Det Norske Samlaget og Skald med.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**RABATT:** Samlagetdirektør Edmund Austigard gjev gode rabattar på nye og eldre bøker for innehavarar av LNK-kortet. (Foto: Samlaget)

LNK-kortet blir distribuert til alle kommunar, fylkeskommunar og føretak som er medlemmer i LNK. Alle tilsette i organisasjonane og lokalpolitikarar i medlemskommunane og -fylkeskommunane skal få kortet. LNK-kortet gir gode rabattar hjå Bondeheimen, Hordaheimen, Det norske Samlaget og forlaget Skald. Medan ein på Bondeheimen

og Hordaheimen får gode prisar på hotellrom, får ein hjå forlaga gode rabattar, både på nye og eldre bøker. Begge forlaga er nye bidragsytarar på LNK-kortet. Kortet, som blir lansert i løpet av oktober, har ei levetid på to år og kjem i eit opplag på 80 000.

Prøv

**DAG OG TID**

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

**DAG OG TID**-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.





# Teori, kompromiss og praksis

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

Valet er over. I skrivande stund veit me at Erna Solberg vert statsminister, men ikkje stort meir. For no er forhandlingane i gang, no godblunkar liberalistar av ulike slag til verdikonservative erkefiendar gjennom mange år, der dei hastar av garde til neste posisjoneringsmøte. Høfleg held dei møteromsdører – og andre dører – opne for kvarandre. I møteromma skal dei avgjera kva dei er samde om, og kva som skil dei. Ved sidan av kaffikoppane ligg partiprogramma oppslegne på dei ovale møteromsbord, småfuktige av gul og blå markeringstusj.

Partiprogramma er viktige. Der står det skrive kva partia står for, kva dei har vedteke av politiske saker, og kva dei lovar veljarane sine. Når fleire parti som går til val med ulike meiningar, skal finna saman, må dei forhandla. Då handlar det om styrke, stil og personkjem. Alle må gi og ta. Lojalitet til veljarar og partiprogram må i ei sak vegast opp mot kva ein kan oppnå av posisjonar og politisk vinst i ei anna sak. Ideologi må vika for fleksibilitet og pragmatisme, kanskje til og med opportuniste, av og til.

Det vert spennande å sjå. Me kjenner jo teorien, veit kva som står i partiprogramma. Me skjønar at det er nødvendig med kompromiss, og me er spente på kva som kjem ut i den andre enden som praktisk politikk.

På det språkpolitiske området har dei ulike regjeringskandidatane ulik historie.

Venstre og KrF har solide røter i dei norske motkulturane, der nynorskrolsla har vore ei viktig drivkraft. Etter kvart som tidene har endra seg og trua på marknaden som politisk ideologi har sneke seg inn i dei fleste partia, har nok desse tradisjonane vorte svakare. Men dei har framleis mange gode språkmål i programma sine, både på punkt som gjeld dei norske språka nynorsk, bokmål og samisk, men òg når det gjeld språklege rettar for innvandrarar.

Høgre har òg gode tradisjonar: «Høgre vil verna det norske målet mot all tvang. Bokmål og nynorsk må få veksa fritt og naturleg. Foreldri må få ha sin fulle rett til å velja mål og målform i skulebøkene til borni vedtok Høgre i 1953. Den formuleringa gjekk att i mange Høgre-program utover i 50- og 60-åra (På parti med språket – Grepstad 2013).

Men det var då. Slik er det ikkje lenger. Høgre og Fremskrittspartiet ønskjer no å leggja om sidemålsopplæringa i skulen ved å gjera sidemål valfritt. I valkampen har ingen av partia freista å skjula at sidemål i denne samanhengen tyder nynorsk. Dei to partia ønskjer altså at elevane skal kunna velja vekk bokmål i LNK-kommunane.

Like kontroversielt er Høgre sitt framlegg til endring av mållova: Partiet vil ikkje lenger at innbyggjarane i landet skal bestemte kva språk dei tilsette skal venda seg til dei same innbyggjarane på, men at kvar einskild byråkrat skal stå over staten og sjølv avgjera eit slikt spørsmål.

Stortinget la grunnlaget for ein svært ambisøus språkpolitikk med stortingsmeldinga *Mål og meining* frå 2008. Rett nok er ikkje på langt nær alle dei konkrete måla i meldinga fulgte opp, men lat oss håpa at den nye regjeringa, korleis ho no kjem til å sjå ut, fører arbeidet vidare.

*Når fleire parti som går til val med ulike meiningar, skal finna saman, må dei forhandla. Då handlar det om styrke, stil og personkjem.*

## Posten med Ivar Asen-frimerke

Posten Noreg gjev ut nye frimerke for å markere at det er 200 år sidan Ivar Asen vart fødd, og at det er hundre år sidan Det Norske Teatret vart etablert.

— Nynorsk er ein viktig del av kulturnasjonen Noreg. Jubilea blir markerte gjennom Språkåret 2013, og vi i Posten vil heidre nynorsken, Ivar Asen og Det Norske Teatret gjennom frimerkeutgjevingane, seier frimerkedirektør Halvor Fasting i Posten Noreg.

Frimerka viser eit portrett av Ivar Asen og Lasse Kolstad i rolla som Tevje i Spelemann på taket – ei av dei mest kjende framsyningane til Det Norske Teatret.

## Nynorsken vann i Sel

Nynorsken vann fram i rådgjevande folk-erøysting om skriftleg målform ved Heidal og Sel skule. Ved Heidal skule i Sel kommune røysta 275 personar for å ha nynorsk som skriftleg målform for 1-7 klasse, medan 138 røysta for bokmål. Ved Sel skule var nynorsk fleirtalet litt mindre, og her røysta 114 personar for nynorsk, medan 84 personar ønskte bokmål. Pedagogisk rådgjevar, Bente Krogsæther, seier det ikkje har vore store språklege diskusjonar i kommunen, men at ein no har fått ein vegvisar for korleis stoda for nynorsken vil bli i skulane. Saka skal vidare til kommunestyret i byrjinga av oktober.

## Stortingsvalet 2013

# Skal byggje regjeringsplattform

— No byrjar verkeleg jobben, seier Erna Solberg (H), som truleg blir vår nye statsminister.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

No startar arbeidet med å sameine dei borgarlege partia, Høgre, Frp, Venstre og KrF.

— No er jobben vår å verkeleggjere det me har lova, og sørge for at me ikkje berre har vunne eit val, men også gjer oss forten til den respekten og gjennomfører det me har lova i ein valkamp, seier Erna Solberg til NRK.

Ho hausta trampeklapp på Høgre si valvake. Solberg takka alle for innsatsen, men minna også om at det er no den verkelege jobben startar.

— For mange av oss har jobben eigentleg berre akkurat begynt. Dette har vore ein fantastisk kveld – fortsetjinga kjem, lova Solberg til NRK.

Men no skal me mobilisere gode krefter nedanfrå og opp. Me trur på frivilligheit og valfridom,



MOBILISERA: Erna Solberg mobiliserer dei borgarlege partia for å lage ny regjering.

(Foto: Høyre)

me trur samfunnet er meir enn det me kan fordele over offentlige budsjett, og at folk må få

valfridom til å bestemme over sine egne liv.

Solberg sa at dette er ein viktig plattform å byggje samfunnet på.

— Det er det me kallar ein borgarleg politikk, det er fellesskapen for dei fire partia. Me skal gje landet ei borgarleg regjering, og

det forpliktar alle fire, sa Solberg til NRK.

## Viktig å samarbeide med alle partia

Dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, meiner det er viktig for organisasjonen å samarbeide godt med alle partia på Stortinget.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

— Valresultatet var vel om lag som venta, men det var spennande å følgje med valnatta. Som vanleg under val bestemte eg meg for å leggje meg tidleg, og som vanleg vakna eg i TV-stolen i grålysninga, seier Høviskeland.

— Kor viktig trur du nynorsken var i valkampen?

— For mange veljarar trur eg dette med sidemålsproblematikk



Foto: Reynir Johannesson



Landssamanslutninga  
av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:  
Solfred Borge, styreleiar  
Gunnar Strøm, nestleiar  
Rune Øygard  
Astrid Myran Aarvik  
Halvor Lilleslett.

Varamedlemmer:  
Nils R. Sandal  
Liv Kari Eskeland  
Kari Vaage Gjuvsland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

LNK  
KORTET  
2011-2013

Best Western  
HOTELL HORDANEHEIMEN

Bonde  
vennen

HOTELL BONDEHEIMEN

DET NORSKE TEATRET

Sjå meir på LNK.no  
om tilboda kortet gir



## Storingsvalet 2013

# – Viktige nynorskbrukarar i alle partia

— Alle partigruppene i det nye Stortinget vil ha viktige nynorske politikkarar. Dei partia som har programfesta den mest positive nynorskpolitikken, gjorde til saman eit godt val.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Nynorsk kultursentrum ønskjer eit godt samarbeid med alle partia i Stortinget, seier direktør Ottar Grepstad i ein kommentar til stortingsvalet. Dei partia som har programfesta den mest positive nynorskpolitikken for åra 2014–2017, kom til



**SENTRALE POLITIKARAR:** Direktør Ottar Grepstad ved Nynorsk kultursentrum meiner det er viktige nynorskbrukarar i alle partigruppene på Stortinget. (Foto: Aasentunet)

saman noko styrkte ut av dette valet. — Språkpolitikk er ei av konfliktsakene som kløyver det nye stortingsfleirtalet, men Nynorsk kultursentrum ønskjer eit godt samarbeid med alle partia i Stortinget, seier Grepstad.

### VIKTIG MED MANGE NYNORSKBRUKARAR

I det Stortinget som no takkar av, brukte 20 av 169 representantar nynorsk. Så få nynorskbrukande stortingsrepresentantar har det ikkje vore sidan 1920-åra. Det kan bli om lag like mange i det nye Stortinget. Regjeringa Stoltenberg II hadde fleire nynorskbrukande statsrådar enn det som har vore vanleg. Det meiner Ottar Grepstad hadde mykje å seie for dei språkpolitiske vedtaka i regjeringa.

— Det er viktig at mange i regjeringa og Stortinget bruker nynorsk, og profilerte nynorskbrukarar vil finnast i alle partigruppene, seier Grepstad. — Vi vonar dei vil samarbeide på tvers av partigrensar på ein slik måte at ei ny regjering får støtte for tiltak som gjer det lettare å vere nynorskbrukar.

### STERKARE SENTRUM STYRKJER NYNORSK

Stoltenberg-regjeringa utvikla den mest ambisiøse språkpolitikken noka regjering har lagt fram sidan Venstre jamstilte bokmål og nynorsk i 1885, meiner Grepstad. Eit breitt fleirtal i Stortinget stilte seg bak språkmeldinga i 2009.

No vonar nynorskdirektøren at ei ny regjering fører vidare hovudlinjene og viser i praksis kva språkleg toleranse handlar om.

### INNSPEL TIL DET NYE STORTINGSFLEIRTALET

Til 200-årsdagen for Ivar Aasen i august la Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag fram ei ambisiøs felleserklæring om nynorskpolitikk for det 21. hundreåret.

— Den sender vi no til dei fire partileiarane som skal forhandle om regjering og politisk plattform, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

**startside** /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

språkprat: Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet

## Meir kunnskap om fleirspråklegheit

«Sunn fornuft» er ikkje alltid så sunn. Opp gjennom det meste av 1900-talet var det eit rådande syn, også mellom språkeksperter, at det var uheldig, og kunne vere skadeleg, om eit barn måtte vekse opp med meir enn eitt språk. «Sunn fornuft» tilsa at slik måtte det vere. Frå 1960-åra av klarte kanadiske og andre forskarar å finne metodar til å gå desse oppfatningane etter i saumane og fann at fleirspråkleg oppvekst tvert imot kunne vere ein fordel for utviklinga til eit barn. Nettstaden Flere språk til flere ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet ( site.uit.no/ flerespraaktilflere ), som gjev råd og informasjon til

vore så liten at vi stod i fare for å fylle han for mykje viss vi lærte for mykje språk, måtte vi jo vurdere nøyre kva språkkunnskapar vi ville fylle han med. Det var då òg vanleg for å tenkje at for mykje av det eine språket ville kunne vere til hinder for framvokstren av det andre. I Noreg og mange andre vestlege land vaks dei fleste barna opp i einspråklege familiar, og saman med behaldarførestillinga gjorde dette at einspråkleg oppvekst vart sett på som det mest normale og «sunne». Men forskning har altså vist at dette rett og slett ikkje stemmer.

Likevel treng vi framleis meir kunnskap om både dei psykiske, dei sosiale og dei samfunnspolitiske sidene ved fleirspråklegheit, og om samhengane mellom desse sidene. Med finansiering frå Noregs forskingsråd har Universitetet i Oslo i år etablert eit nytt senter for framifrå forskning, Senter for fleirspråklegheit. I nært samarbeid med mange av dei fremste forskingsmiljøa i verda skal forskarane ved dette senteret «bidra med kunnskap om muligheter og utfordringer ved flerspråkligheit slik at samfunnet effektivt kan forvalte språklig mangfold og at individer kan få utvidet sitt kommunikative handlingsrom» (slik det står på nettsidene til senteret). Vi ser fram til å ta del i denne kunnskapen, og eg oppfordrar alle som blir kontakta av desse forskarane, til å ta vel imot dei.

Den siste tida har det vore stor interesse knytt til moglege fordelar ved den særreigne språksituasjonen i Noreg. Er det slik at han, med to nærstående skriftspråk og eit mangfold av dialektar med høg status, inneber fordelar av same typen som dei som blir omtalte i den internasjonale forskingslitteraturen? Fleire forskingsmiljø i Noreg ser no nærmare på aspekt av desse innflokke spørsmåla. Ein rapport frå Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i Trondheim i fjor ser ut til å styrkje hypotesen om at tospråklegheit der dei involverte språka er bokmål og nynorsk, har nokre av dei same fordelane knytte til seg som anna tospråklegheit.

Året er ei påminning om at språkleg variasjon og mangfold finst og er verd å gle seg over.

fleirspråklege familiar basert på kunnskap frå forskingsfronten, oppsummerer desse forskingsresultata slik:

Barn som hører forskjellige språk i sine daglige omgivelser har gjerne større forståelse for forskjellige kulturer og andre menneskers synspunkter. De er ofte også bedre enn enspråklige til å gjøre flere ting samtidig («multitasking»), til å fokusere oppmerksomheten på noe, de lærer ofte å lese tidligere og de er ofte flinkere til å lære nye språk.

Kvifor har det gått så lang tid utan at desse positive resultatane har blitt heilt sjølvsgd kunnskap i ålmenta? Ein av fleire grunnar kan vere ei uheldig førestilling om at det å lære seg språk på ein måte er som å fylle ein behaldar. Hjernten til barnet blir sett på som behaldaren, og språktileigninga som fylling av behaldaren. Dersom hjernekapasiteten til mennesket hadde



Foto: Språkrådet

I høve Språkåret 2013 skriv aktuelle skribentar om språkutfordringar og -erfaringar.

I denne avisa: Arnfinn Muruvik Vonen  
direktør i Språkrådet

Språkåret 2013 er over halvveges. Året er ei påminning om at språkleg variasjon og mangfold finst og er verd å gle seg over. Det er ei glede å konstatere i Språkrådet at Senter for fleirspråklegheit og andre forskingsinitiativ skal hjelpe oss i åra frametter med å forstå enda betre korleis og kvifor fleirspråklegheit er bra for oss, og samstundes kva for utfordringar fleirspråklegheit fører med seg. Inntil vidare: Nyt fleirspråklegheita!

## DIREKTE UT TIL EI ENGASJERT MÅLGRUPPE!

Prøv ei annonse i LNK-avisa og få gratis nettannonse på LNK.no i ein måned!\*



Avisa blir distribuert til folkevalde og administrativt tilsette i medlemskommunar og fylkeskommunar, og til stortingspolitikkarar, skular og bibliotek.

Konkurransedyktige prisar og gunstige åravtaler.

Kontakt annonsekonsulent Nina Østebø,  
E-post: annonse@lnk.no, tlf. 909 96 324.

\* gjeld ved kjøp av kvart-, halv- eller heilsides annonse

# Kultur, språk og litteratur

for deg som jobbar med barn

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

**Pirion.no**  
- kulturavis for barnehagar og skular

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

www.pirion.no

facebook/pirion

@avisapirion



# Sammlar seg om festivalane

**Mange nynorske litteraturfestivalar er i stadig utvikling. Me har sett nærare på to av dei.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.n

— Litteraturdagane i Vinje har hatt ei positiv utvikling, seier ordførar Arne Vinje i Vinje kommune.

Litteraturdagane i Vinje er ei årleg tilskiping der meininga er å bli litt betre kjende med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet. Arne Vinje fortel at dei i starten konsentrerte seg om forfattarar frå kommunen og regionen, som Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Aasmund Olavsson Vinje.

Men det er klart det er avgrensa kor lenge ein kan variere programma ut frå det. Etter kvart har ein utvida programmet meir tematisk, fortel ordføraren, som er glad for at litteraturdagane set Vinje på kartet.

## BYGGJER OMDØMME

— Det er vanskeleg å måle konkret effekt av litteraturdagane, men festivalen er med på å stadfeste at Vinje kommune er ein kulturkommune, og ikkje minst er han med på å forme omdømmet vårt, seier han.

— *Kva håpar du for framtida til litteraturdagane?*

— Eg håpar dei finn grunnlag for å halde fram det gode arbeidet. Me har vore heldige og har fått med oss dyktige personar i leiinga av festivalen. Eg håpar dei kan halde fram lenge, og at ein får ei god rekruttering. Og så håpar eg ein blir prega av den same nyttenkinga ein har vore så langt.

Litteraturdagane i Vinje dette året gjekk av stabelen første helga i september. I tillegg til eit variert litteraturprogram, der blant anna samtalar med fleire debutantar stod i sentrum, vart Storegutprisen delt ut også dette året. I år var det Herborg Kråkevik som vann prisen, i fjor var det NRK-profil Ingvild Bryn. Prisen har fått namnet sitt etter diktverket *Storegut*, som Aasmund Olavsson Vinje gav ut i 1866. Diktet byggjer på segnene om Olav Olavsson Edland (1764–1791). *Storegut* er sentral i Vinje si diktning.

Forteljingane om kjempekaren gjekk på folkemunne, og dei uvisse omstende rundt det som hende då han brått blei burte med han gjætte drift i Bordalen, gjorde sitt til at livet til *Storegut* eggja fantasien til folk. Aasmund Olavsson fekk nok høyre desse forteljingane mang ein gong. Ikkje minst av sin eigen far, står det å lese på festivalen sine eigne nettsider.

## VERDIG PRISVINNAR

Prisen blir gjeven til den eller dei som på ein positiv måte nyttar eit levande og ledig nynorsk mål i det offentlege rommet.

Dette er 12. gong prisen blir delt ut. Den fyrste som fekk prisen, var Ivar Eskeland under litteraturdagane i 2002, dei andre prisvinnarane er Berge Furre, Ragnhild Sælthun Fjørtoft, Bjørn Bø, Sigmund Groven, Liv Signe Navarsete, Audun Svartdal, Nina og Øystein Rudi, Odd Nordstoga og Astrid Brekken. Litteraturdagane i Vinje er eit samarbeidsprosjekt mellom Vinje Kommune og Telemark Fylkeskommune.

Litteraturdagane i Vinje er eit sjølvstendig arrangement, men kommunen medverkar på fleire måtar, seier ordførar Vinje, som gler seg over ei positiv utvikling, både når det gjeld tema og oppslutnad.

## NY GRUNNLOV

Are Kalvø kjem til Nynorske litteraturdagar i Aurland for å vise fram den nye grunnlova han har laga saman med folket. Også i år er festivalprogrammet variert.

Kalvø er ein av mange som kjem til Nynorske litteraturdagar i Aurland første helga i november. Programmet for litteraturfestivalen er variert.

*Det er vanskeleg å måle konkret effekt av litteraturdagane, men festivalen er med på å stadfeste at Vinje kommune er ein kulturkommune*  
ordførar Arne Vinje i Vinje kommune



**PRIS:** Herborg Kråkevik fekk årets Storegutpris av Litteraturdagane i Vinje. (Foto: Alf Reidar Dale)

Her kan ein blant andre møte forfattardebütantane Mariell Øyre og Jostein Avdem Fretland i samtale med Olaug Nilssen, og ein kan vere med på boklansering av *Destillert tyleskap* saman med forfattar Jens Brekke og visesongar Ola Bremnes.

Malen frå tidlegare, eit variert program for ulike målgrupper, pregar også programmet i år. Samstundes markerer me både Språkåret 2013 og Sogn og fjordane fylke sitt 250-årsjubileum. Det siste gjennom at me saman med to andre nynorske festivalar i fylket har gjennomført ein skrivkonkurranse for ungdom, at me har eit ekstra fokus på forfattarar frå eige fylke i år, og at vi i tillegg arrangerer eit foredrag om sentrale forfattarar i fylket gjennom historia, seier prosjektleiaren Arve Tokvam.

## VIKTIG KULTURBERAR

Leiar for Språkåret 2013, Inger Johanne Sæterbakk, leiar arrangementet Det fleirspråklege Noreg: Kaos

eller identitet? Barne- og ungdomsforfattar Linn T. Sunne skriv ofte om alvorlege og vanskelege tema. I samtale med Øystein Vidnes fortel ho kvifor. Og forfattar Kristian Bjørkelo stiller i samtale med Heidi Hattestein spørsmålet: Det skal vere lov å ville endre verda, men når går ein for langt?

— Målet med arrangementet er å feire nynorsken som ein viktig del av identiteten vår, profilere nynorsk litteratur, forfattarar som skriv på nynorsk, musikk med utgangspunkt i nynorsk og dialekt og gjere alt dette på ein folkeleg måte som flest mogleg kjenner seg att i og vil vere med på. Det er dessutan eit mål å skape gode opplevingar og aktivitet i ei litt rolegare tid på året i turistkommunen Aurland.

— *Korleis har festivalen utvikla seg gjennom åra?*

— Den har sakte, men sikkert utvikla seg i veldig positiv retning. Omfanget av arrangement har auka i tråd med ein stadig større publikumsopplutnad. Me føler at han etter sju år no er i ferd med å bli



**GRUNNLOV:** Are Kalvø er ein av dei som vitjar Nynorske litteraturdagar i Aurland. (Foto: Geir Henning Hopland)

*No er det bestemt at Nynorske litteraturdagar skal organiserast utanfor den kommunale organisasjonen frå 2014.*

Arve Tokvam

ein viktig kulturberar for nynorsken, og eit arrangement som veldig mange legg inn som ei fast årleg hending dei berre må ha med seg, fortel Tokvam.

## FINNE SOLID PLATTFORM

Det er Aurland kommune som står bak Nynorske litteraturdagar. Det heile starta med at tidlegare ordførar, Olav J. Ellingsen, tok til å dele ut nynorske songbøker til alle nyfødde born i kommunen. Seinare kom Song for livet, ei større kultursatsing med vekt på den nynorske songskatten. Her samarbeidde barnehagane, grunnskulen, kulturskulen og det frivillige kulturlivet. Sommaren 2006 starta Aurland kommune opp prosjektet LITTKRIT. Her fekk ungdomar tilbod om sommarjobb, der dei skulle lese og analysere nynorsk samtidslitteratur. Nynorske litteraturdagar er ei vidareutvikling av desse tiltaka.

— No er det bestemt at Nynorske litteraturdagar skal organiserast utanfor den kommunale organisasjonen frå 2014. Me drøymmer difor akkurat no om at me skal finne ei solid plattform for den vidare drifta av arrangementet, slik at ein kan byggje vidare på alt det gode arbeidet som er lagt ned gjennom sju år med fin utvikling.

*Lenger bak i avisa kan ein også lese om programmet til barnelitteraturfestivalen Faturiltu på Stord.*

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

[www.magasinett.no](http://www.magasinett.no)

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!



# Glad for sidemålsvedtak

— Noregs Mållag er svært glad for at kunnskapsminister Kristin Halvorsen ikkje vil svekje sidemålsordninga, seier Marit Aakre Tennø. No er ho spent på korleis sidemåls-politikken blir med ny regjering.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Statsråden har gjort det klart at sidemålsundervisninga er ein viktig del av norskfaget.

I fleire rundar sidan januar i 2012 har Utdanningsdirektoratet kome med framlegg om å svekje sidemålsordninga gjennom å slå saman dei skriftlege karakterane i hovudmål og sidemål til ein karakter og seinke krava til meistring av sidemål.

— Konsekvensen av desse framlegga ville vore statustap for sidemålet, og det er nett slike statusendringar som gjev dårlegare kompetanse i sidemål, som for dei fleste er nynorsk.

Sidemålsordninga i Noreg er viktig for at nynorsken skal halde seg oppe som bruksspråk, seier Marit Aakre Tennø.

Regjeringa har no vedteke tidlegare start med sidemål, å tryggje jamstillinga gjennom like kompetanssmål, sikre vurdering gjennom standpunkt-karakter og eksamensordning, og å halde endringane unna ungdomssteget. Samstundes vil ein no prøve ei ny ordning med samla skriftleg karakter dei to fyrste åra på vidaregåande, medan elevane vil få tre norskkarakterar siste året på studiespesialisering.

— Mållaget er spent på evalueringa av denne ordninga om tre år. No får lærarane eit høve til å arbeide meir intensivt med sidemålsundervisning i eit avgrensa tidsrom og minske arbeidskravet, peikar Marit Aakre Tennø på. Dette er eit unikt høve til å teste ut eit heilt nytt karakterregime, som vil gje lærarane lægre arbeidsbyrde.

Det er bra at departementet og statsråden har gjort endringar som er i tråd med vedteken språkpolitikk, samstundes som dei kjem lærarane i møte når det gjeld kritikken om at norskfaget over tid har vorte for omfattande, meiner mållaget.



**NØGD:** Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag er spent på evalueringa av den nye ordninga om tre år. (Foto: Noregs Mållag)



Førde

# Senter for utdanning

Førde er blitt eit senter for å utdanne nynorskbrukande journalistar.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

NRK Nynorsk mediesenter har lært opp 90 nynorskpraktikantar dei siste ni åra. 72 prosent av dei har arbeid i media, tyngda i NRK. 19. august i år fekk dei eit systertiltak i Nynorsk Avissenter i Firda, som skal lære opp fire avis- og netjtjournalistar i året.

— Korleis har dette utdanningsmiljøet for nynorskbrukande journalistar i Førde utvikla seg gjennom åra?

— Det byrja eigentleg tidleg på 1990-talet, då vi sleit med å få tak i nynorskbrukande journalistar til NRK Sogn og Fjordane. Sjølv om vi etterlyste slike frå journalistutdanningane, var det smalhans. Der brydde dei seg lite med nynorsk. Vi skjønnte at vi måtte lære opp journalistane sjølve frå grunnen av, og byrja å rekruttere folk frå eige fylke og nynorskbrukarar frå nabofylka. Det var eit langsiktig og krevjande arbeid, og det skjedd jamstides med at vi la vekt på å bli eit godt nyhendekontor. Kombinasjonen nynorskbrukar og dyktig nyhendejournalist leita også andre etter, og det vart rift om folka våre, seier Magni Øvrebotten ved NRK Nynorsk mediesenter.

Ho viser stolt til namn som nyhendeanker Morten Sandøy i TV2, Solveig Barstad i TV2 hjelper deg, kommentator og utanriksmedarbeidar Knut Magnus Berge i NRK, hoffreporter Kristi Marie Skrede, NRK, og Håkon Haugsbø, som til nyleg var programleiar i NRK Brennpunkt, før han vart kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp. Alle har bakgrunn frå NRK Nynorsk mediesenter.

Ingunn Solheim, som leia valprogramma i NRK, var av dei fyrste nynorskpraktikantane våre. Ved distriktskontoret i Bergen er det massevis av folk som trakk sine journalistiske barnesko i Sogn og Fjordane. På Marienlyst vart vi ei tid kalla «Førde-skulene», og det var eit kvalitetsstempel å ha gått her.

## KAMPEN OM DISTRIKTSKONTORET

— Dette vart grunnlaget for opprettinga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004.

— I tillegg hadde vi ideen om å sette denne opplæringa i system på det rette tidspunktet, då leiinga i NRK i 2002 ville legge distriktskontoret i Sogn og Fjordane administrativt under Bergen. Det møtte stor folkeleg og politisk motstand i Sogn og Fjordane. På nokre få sommarveker vart det samla inn nær 12 000 underskrifter for eit sjølvstendig distriktskontor. Dei vart overrekta til dåverande kringkastingsjef John G. Bernander av dei dåverande ordførarane Trude Brosvik (KrF) i Gulen og



**STUDENTANE:** Frå venstre: Britt Kristin Ese (NRK), Lars Ivar Nordal (NRK), Ildun Fivelstad (NRK), Tale Hauso (NRK), Marit Brennsset (Firda), Kristine M. Stensland (Firda), Thea Idsøe (Firda), Ina Eirin Eliassen (Firda) og Eirik Hildal (NRK). (Foto: NRK/Randi Indrebo)



**STOLT:** Magni Øvrebotten ved NRK Nynorsk mediesenter er stolt over at Førde er blitt eit senter for å utdanne nynorskbrukande journalistar. (Foto: NRK/Randi Indrebo)

Kristen Hundeide (H) i Eid. Dei to representerte alle ordførarane og fylkesordføraren i Sogn og Fjordane.

Underskriftene gjorde ikkje særleg inntrykk på NRK, men dåverande kulturminister og generalforsamling i NRK, Valgerd Svarstad Haugland, la merke til både dei og planane om opplæring av nynorskbrukande journalistar i Førde. Ho stoppa NRK-styret sitt vedtak om å slå saman dei to distriktskontora, og styret ombestemte seg vedrørande Sogn og Fjordane fordi dei innsåg at Bergen ikkje var rette den pådrivaren for eit Nynorsk mediesenter.

## SYSTERTILTAK I AVISVERDA

— Senteret vart til mot NRK sin vilje?

— Ja, Nynorsk mediesenter vart tredd nedover hovudet på NRK. Men NRK har aldri motarbeidd oss på grunn av det. Dei visste at vi hadde gode resultat å syne til frå før, og at ambisjonane våre var høge. Vi skulle lære opp ti dyktige nynorskbrukande journalistar i året for arbeid i radio, fjernsyn og på nett. Etter kvart vart vi modell for ei liknande opplæring av fleirkulturelle journalistar i NRK FleRe, og nytt av året er Nynorsk Avissenter i Førde, som òg er ettermodell av oss. Det er stas at vi no er to slike opplæringstiltak for nynorsk i media i Førde.

Nynorsk Avissenter held til i den største nynorskbrukande lokalavisa i landet, Firda, og lærer opp fire nynorskbrukande journalistar i slengen for avis og nett. Bak Nynorsk Avissenter står Avishuset Firda, Amedia, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.

— Førde har vorte lærestaden for nynorskbrukande journalistar fordi ingen av journalistutdanningane tek den oppgåva. Dei bryr seg ikkje. Vi ligg midt i nynorskland, og for mange praktikantar er det eit minne for livet at det er nynorsk i butikane, media og samfunnslivet rundt dei. Det er dei ikkje vane med elles i landet. Fleire seier at dei reiser herifrå som stoltare og meir rakrygga nynorskbrukarar enn då dei kom. At vi no er to slike opplæringstiltak, gjev høve til samarbeid, større miljø og breidde i tilbodet vårt. I lag kan vi vere ein Førde-skule for nynorsk i media.

## STERK IDENTITET

— Er det anleis å vere nynorskbrukande journalist no enn for 10 år sidan, trur du?

— Eg veit sanneleg ikkje kva eg skal svare. Eg trur det er både og, avhengig av kvar du er og kor mange nynorskbrukarar det er i redaksjonen. Mange er framleis åleine som nynorskbrukarar, og det er ikkje lett. Det er arbeidskrevjande, du må omsette alt sjølv, du er eit utsett «særtilfelle», og du må leve med at kollegaer og sjefar luftar fordommane sine mot nynorsk i tide og utide. Om nynorsk er det lov å seie og skrive kva som helst, utan tanke for at språket vårt er noko av det sterkaste i identiteten vår. Kommentarfelta er fulle av nynorskhat, og det er språket ditt dei skriv om, ikkje innhaldet i saka.

— Skilnad frå etermedia til aviser?

— Ja, betyr nynorsken så mykje for deg at du ikkje kan la vere å bruke han, så er det lokalavisene og etermedia, særleg NRK og TV2, du må satse på, og nokre få region- og riksaviser. Mange norske avisredaktørar

dyrkar framleis egne fordommar og frykt for mindre lysingar og tillet ikkje bruk av nynorsk i spaltene. Det er gamaldags og trongsynt, men eg trur det vert meir av det med desse store mediekonserna som veks fram. Når til dømes Aftenposten og Bergens Tidende skal ha sams stoff, vert ikkje det skrive på nynorsk. Dermed vert det mindre nynorsk i Bergens Tidende, som har vore ei god regionavis i så måte. Dei har hatt sterke og dyktige nynorskbrukande journalistar, som har teke ein kamp for språket når fordommane dukka opp i ulike redaktørhovud. Men dei journalisttypene veks ikkje på tre, diverre.

## VIL SPEGLE LANDET

Ho viser til at det er mykje skryt å hente der ute. Mange redaksjonsleiarar seier at studentane frå Førde går rett inn i arbeidet i redaksjonen, dei slepp å lære dei opp på nytt.

Dei er skreddarsydd for NRK, men føter seg også raskt elles. Det vert òg sett på som ein fordel at det er folk med ulike utdanningar i botn, for det er eit veksande ynskje om meir mangfald i utdanning i redaksjonane. Medieutdanningane er ganske like.

— Er mangfaldet i dialektbakgrunn viktig i rekrutteringa?

— Ja, vi arbeider for å spegle av alle delar av landet der dei nyttar nynorsk. Vi ynsker ikkje å forsterke tendensen til at nynorsk vert «berre» eit vestlandsmål, men røynda er at det er her språket står sterkast. Det syner tydeleg att i søkjarbunken. Same kor vi oppmodar ulike dølar, egder, trøndarar og nordlendingar om å søkje, så er det få som gjer det. Vi har til dømes enno ikkje lært opp ein einaste valdris! Lange var sørlendingane fråverande, men der har vi hatt to på dei seinare kulla. Vidare ein frå Ottadalen, tre hallingar, fem telemarkingar, tre trøndarar og to nordlendingar. Elles vestlendingar. Hadde det ikkje vore for dei, hadde eg sett mørkt på det, seier Magni Øvrebotten.



# Idealisten

**Ho er idealist, politikar og samfunnsbyggjar. No skal Marit Aakre Tennø (36) leie Noregs Mållag.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er valdag. Snart skal Marit Aakre Tennø sitje i valdagsstyret i heimkommunen Luster i Sogn og Fjordane. Litt seinare skal ho på valvake, ei valvake der det skal vise seg at høgresida i norsk politikk vann regjeringsmakta. Marit er spent.

Det er ein avgjerande kveld for nynorsken. Eg har litt vondt i magen, seier Marit medan ho kastar seg på sykkelen. Før valda- gen kan byrje, må mållagsleiaren nemleg ein tur til tannlegen.

Den nye leiaren i Noregs Mållag er ikkje ny i målrørsla. Ho har både vore dagleg leiar i Kringkastingsringen og norskfagkonsulent i mållaget. Tidlegare i år overtok ho leiarjobben etter Håvard B. Øvregård. Ho er ein av dei som kjem frå sjølve kyrkje- lyden i mållagsarbeidet, ho har nettverket og kjenner historia. Ho veit kven som meiner kva, og kven ho bør og kan snakke med. Mållaget valde ein av sine egne då dei skulle finne arvta- karen til Høgre-politikaren Øvregård.

— Vi treng ein heilt ny språkpolitikk som har som mål å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål, sa den nyvalde leiaren til NRK rett etter landsmøtet i Ørsta.

— Eg var ein ganske umedveten nynorskbrukar fram til studietida. Der oppdaga eg at nynorsken ikkje var sjølvstøtt, og melde meg inn i Mållungdomen, seier Marit, som er oppvaksen i Brattvåg på Sunnmøre.

— Det er ein av kommunane på Sunnmøre som ligg i eit språk- leg pressområde, tett opp mot Ålesund. Her brer bokmålet om seg. Det er inspirerende å sjå at det ikkje er slik i fylket der eg bur no, seier ho og siktar til Sogn og Fjordane, som er meir skjerma mot bokmålspresset og målbytet.

Ho ser på pressområda som viktige arbeidsområde for mål- laget framover. Først og fremst må ein kartlegge kva som fører

til utviklinga i desse områda. Her i Sogn og Fjordane er det ingen stor bokmålsby. Rundt byar som Ålesund, Bergen og Stavanger ser du derimot at bokmålet breier om seg. Det er ei utfordring.

**M**arit er glad i utfordringar. Og ho brenn for nynorsken og bygdene.

— Målrørsla er full av folk som kjempar mot sterke krefter, og som aldri gjev seg. Ho er full av folk som er svært kunnskapsrike, og som er viljuge til å ta upopulære kampar.

Ho er imponert over kor langt det språklege engasjementet rekk.

— Folk klagar på at det ikkje er nynorske frimerke, dei klagar på skjema dei får på bokmål, og står på til skjemaet kjem på nynorsk. For mange er dette noko av det mest ukule ein kan drive med i verda.

— *Kva vil du endre i organisasjonen?*

— Eg vil gjere oss endå flinkare til å møte presset som kjem utanfrå, og til å gå i debattar når motkreftene vil endre skulemålet, administrasjonsspråket eller berre ikkje synst det er viktig å forsvare nynorsken.

Marit meiner mållaget må bli endå flinkare til å argumentere og til å stå i kampane som kjem.

— Me er veldig gode på sidemålsspørsmålet, men kampen står fleire stader, slår ho fast.

**A**drive målkamp er ingen A4-jobb. I sommar har Marit vore med på deler av Nynorskstafetten, den store reisa der Noregs Mållag fartar i Ivar Aasen sine fotefar fram til oktober. I denne veka har ho saman med den gule bilen besøkt Hallingdal, ein stad med medvetne målfolk og ordførarar i kvar ein krok, som Marit skreiv på Facebook- profilen sin etter turen.

— *Kva motiverer deg?*

— Alle dei flinke målfolka i organisasjonen som står på. Som sender tekstmeldingar, ringer eller sender e-post når dei meiner me må bidra eller ta til motmæle.

— *Kva drøymmer du om?*

— Ei regjering som vernar om nynorsken, seier Marit utan å nøle.

Ho er ikkje redd for ei forgubbing i mållaget

— Om ein ser på det nye styret i mållaget, så er det ingen ting som tyder på ei forgubbing. Og på landsmøta ser me at det stadig kjem til nye unge folk. Nei, eg trur ikkje det blir forgubbing.

— *Kva er ditt beste råd til nynorsk kommunane?*

— Å, det er vanskeleg. Nynorsk kommunane er så ulike. Eg trur at kommunane generelt må bli flinkare til å støtte opp om at nynorskelevane skal bli betre til å skrive nynorsk.

— *Det er viktig å ha ein klar politikk på at ein er ein nynorsk kommune*

Ho har sterk tru på at suksess som nynorsk kommune er avhengig av haldningsarbeid. Kommunane må sjølve vere medvitne om kva språk dei brukar, og korleis dei skal ta vare på det.

— Det er viktig å ha ein klar politikk på at ein er ein nynorsk kommune, meiner mållagsleiaren.

— Borna mine går på skule inst i ein nynorsk kommune, på ein språkleg medviten skule. Det er klart det er viktig når skulane sjølve til dømes er flinke til å reklamere for god nynorsk litteratur. Alt er enklare då.

Marit har sterk tru på engasjementet, både språkpolitisk, sosialt og samfunnsmessig. Kall henne gjerne ein idealist. Ho er politikar og formannskapsmedlem for Senterpartiet i Luster kommune. Ho har vore vikarierende fylkessekretær i Nei til EU, ho har arbeidd som kommunikasjonsrådgjevar i Merkur-programmet og i eit tilflyttingsprosjekt i Jostedal.

— Mellom 2008 og 2012 arbeidde eg med eit tilflyttingsprosjekt i Jostedal. Ved sida av arbeidde eg

øg i Merkur-programmet, som driv eit kompetansehevingprogram for utkantbutikkkar. Då har eg vore heldig og fått reist rundt i dei minste bygdene i Noreg, frå Skogfoss i Pasvikdalen til det vesle øysamfunnet Hidra på Sørlandskysten. Men nett som med nynorsken, så er utkantbutikkane så smått truga. Drivstoffelskapa vil ikkje levere drivstoff, skular vert lagde ned, og ei generell sentralisering trugar mange slike bygder.

**K**anskje du hugsar henne frå ein reportasje i Nationen der ho viser fram tomter i Jostedal. Der folk kunne få bygge sine egne småbruk. På nettsidene til tilflyttarprosjektet lokka dei med ein draumetest der potensielle tilflyttarar skulle få sjansen til å finne ut kva dei eigentleg drøymde om. «Drøymer du om utsikt frå toppen?» lokka dei for å få fleire til å busetje seg i bygda. Målet var og er å rekruttere havfolk, fjellfolk og byfolk. Ikkje noko mindre.

Samfunnsengasjementet er breitt Ho har meint mykje om lokalsamfunnsutvikling, likestilling og språkpolitikk.

— *Får du tid til bobbyar?*

— Eg går til fjells både på beina og på ski, og så rotar eg litt rundt i nokre skrale grønssaksassar eg har i hagen.

Eigentleg skulle ho få nokon til å ta bilete av seg på valvaka i Luster. Bilete av ein spent mållagsleiar med litt vondt i magen. Men klokka gjekk for fort, orsakinga kom dagen etterpå saman med ein kommentar til valresultatet.

— Om valet tenkjer eg at den store nynorskfraksjonen i Høgre no må alliere seg med Venstre og KrF for gode nynorskformuleringar i ei eventuell regjeringserklæring.

Idealisten har fått ei ny utfordring å bryne seg på.



Foto: Toyni Tobekk

## SJØLVMELDING

**Namn:** Marit Aakre Tennø

**Alder:** 36 år

**Sivilstatus:** gift

**Les:** mest aviser, men òg målsoge

**Høyrer på:** menn med gitar som syng på nynorsknaere- dialektar: Tønnes, Stein Torleif Bjella og Odd Nordstoga

**Vert inspirert av:** stoda til nynorsken i Sogn og Fjordane

**Førebilete:** alle idealistiske målfolk som kjempar for nynorsken kvar dag.



## SITATET:

— Men nynorsk vil ikkje vere den saka som vil felle ei regjering

Per Sandberg til NPK.

# Startar leselystprosjekt

**Framtida får støtte frå Kulturdepartementet til leselystprosjekt.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
Judith@norsk-plan.no

LNK og Nettavisas Framtida får 120 000 kroner frå Kulturdepartementet til eit leselystprosjekt. Prosjektet tek mål av seg å vise fram kor god og variert den nyare nynorske litteraturen er, for nye generasjonar av lesarar.

— Me vil styrkje litteraturformidlinga til barn og unge gjennom aviser, skular og heimesidene til folkebiblioteka. Me vil auke leseengasjementet i befolkninga ved å invitere unge lesarar til å dele dei beste leseopplevingane sine med andre og ved å vise fram lesande forbilde, seier redaktør og prosjektleiar Svein Olav Langåker.

Det kom inn totalt 40 søknadar på prosjektmidlane, 14 av prosjekta får støtte, til saman 1,2 millionar kroner.



**LESELYST:** Redaktør i Framtida.no, Svein Olav Langåker, er godt nøgd med at nettavisas har fått støtte frå Kulturdepartementet til eit leselystprosjekt.

(Foto: Framtida.no)

## STORT ENGASJEMENT

— Dette vitnar om stor interesse og engasjement rundt leselyststrategien. Dei prosjekta som no får støtte, kan vere gode dome og inspirere andre aktørar, seier kulturminister Hadia Tajik i ei pressemelding.

Lokalavisene Hordaland, Sogn Avis, Sunnhordland og Bømlo-Nytt er med på Framtida sitt prosjekt, og fleire lokalaviser vil bli inviterte med seinare.

— På denne måten vil me nå ut til mange tusen potensielle boklesarar, både barn og unge

sjølv, men også foreldre, lærarar, bibliotekarar og andre vaksne som vil vere viktige for vekkje leselysta til dei unge, fortel Langåker.

## FÅ UTLÅNTE NYNORSKBØKER

Bibliotekstatistikken for heile landet viser at berre ein prosent av dei tusen mest lånte barne- og ungdomsbøkene var nynorskbøker. På biblioteka i dei

nynorske kommunane var talet seks prosent, ifølgje ein artikkel på Framtida.no i vår.

— Tal frå Mediebarometeret 2012 viser dessutan at vestlendingar bruker litt mindre tid på barne- og ungdomslitteratur enn landsnittet. Samstundes har den nynorske barnelitteraturen aldri hatt ei så brei tittelvifte som no, og aldri har han vunne så mange ulike typar litterære prisar og

utmerkingar som dei siste åra, meiner Langåker.

Han legg også vekt på talet på vinnarar av Uprisen viser at dei nynorske bøkene blir høgt verdsett av ungdom når dei først blir lesne av dei.

— Me vil lage eit innhalds-element med boktips, intervju, quizar og bokbloggar som bibliotek, skular og lokalaviser enkelt kan leggje ut på heimesidene sine. Vidare vil me arrangere ein

bokstafett der ungdom skriv om favorittbøkene sine, og samle bokbloggar og litteraturformidling frå biblioteka på Framtida.no. Me vil også vidareutvikle forfattarpraten på Magasinett.no og produsere fleire bokmeldingar av barne- og ungdomsbøker for publisering i Framtida.no, Pirion, Magasinett, lokalavisene me samarbeider med, og på heimesidene til biblioteka.



**FORTENER:** — Dei små lesarane fortener gode lettlestbøker på nynorsk. Det er lite å velje mellom per i dag, seier Ragnfrid Trohaug i Samlaget. (Foto: Samlaget)

# Lettlestbøker som app

**Samlaget satsar no på lettlestbøker på nynorsk som app.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Lettlestbøker på nynorsk er, som alle som held på med nynorsk veit, ei mangelvare. Dette har vi lenge ønskt å gjere noko med, og draumen og planen er å lansere ein stor lettlestserie på nynorsk, slik at unge lesarar skal kunne bli stø i nynorsk, seier forlagsdirektør Samlaget Litteratur, Ragnfrid Trohaug.

Ho viser til at ei slik satsing er eit stort økonomisk løft som også krev ekstern finansiering.

— Det håper vi går, for dei små lesarane fortener gode lettlestbøker på nynorsk. Det er lite å velje mellom per i dag.

## SATSAR DIGITALT

Det er også lite digitalt innhald for barn på nynorsk, så då tenkte vi å slå to fluger i ein smekk, nemleg lettlest- og digitalformatet. Vi er stolte over å vere av dei første som leverer innhald retta mot barn for Windows 8, i tillegg til Android og iTunes.

— Både barn som skal lære å lese sjølve, og barn som ikkje kan lese sjølve, er i målgruppa.

— Kvar app kan lesast på tre ulike måtar: Ein kan høyre teksten bli opplesen, ein kan berre lese

**Unni og Gunni Reiser**  
By Det Norske Samlaget  
Open iTunes to buy and download apps.

**Description**  
Unni og Gunni ser på himmelen.  
- Me burde på ein måte komme oss litt vekk,  
- Einig, seier Gunni.

[Unni og Gunni Reiser Support >](#)

**iPad Screenshot**

49,00 kr  
Category: Books

**ALLEREIE PÅ Plass:** Barneboka Unni og Gunni er allereie komen i app-form, nå satsar Samlaget på utvikling av appar for lettlestbøker. (Illustrasjonsfoto: Skjermdump itunes.apple)

teksten, og ein kan lese teksten i «karaokefunksjon», det vil seie at ein les mens markøren går bortetter, og så kjem opplesaren i sakte fart.

## MÅ FENGJE LESAREN

Trohaug meiner bestemt at lettlestbøker må ha fengjande historier med enkelt språk, noko som har vore viktig når ein har gjort utvalet. — I tillegg må bøkene vere enkle å få tak i, og dei titlane som er å få

kjøpt digitalt på alle tre plattformar som eg nemnde, er enkle å få tak i. Så når folk får auga opp for at desse bøkene finst, håper og trur eg at dei går unna. Foreldre og formidlarar vil jo veldig gjerne at ungane skal bli gode og trivast med å lese, det kan desse appane hjelpe til med, slår forlagsredaktøren fast.

— Vi har både vilje og planar om meir, så no håper eg at foreldre, formidlarar og barn der ute viser at dei ønskjer slikt innhald digitalt.



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

## SPRÅKRÅD

### «No vert det spanande!»

Stortingsvalet har gjeve oss eit nytt politisk fleirtal, og me er mange som lurar på kva det får å seia for nynorsken. Dei to største partia i fleirtalet har programfest kraftige angrep på nynorsk, medan dei to små har vore sikre støttespelarar for språket vårt. Lat oss gjera ein «SVOT-analyse».

**Fyrst eit lite språkkurs:** Konsulentane som dreg rundt og gjev dyre råd til kommunane, tek gjerne til med ein SWOT-analyse. Med W. Då framstår dei som svært internasjonale og kloke. Orda har dei lært frå hi sida av havet: Strength, Weakness, Opportunity, Threats. Kjære konsulentar og andre, no har eg laga ein nynorskversjon, det er mykje lettare enn på bokmål, og utan W: Styrke, Veikskap, Opning, Trugsmål. Bruk desse stikkorda, så når de betre fram i Nynorskland.

**Attende til oppgåva,** korleis går det med nynorsken etter valet? På Styrke må me setja vår lit til dei to små, eller mellomstore, partia. Eg ser nynorskdirektør Ottar Grepstad er optimistisk og offensiv og meiner me kan komma bra frå det om me spelar korta våre rett. No skal det seiest at han har eit ekstra godt auge til Venstre-leiar Trine Skei Grande og kanskje blir ekstra optimistisk av den grunn. Men det er òg slik at jamstillingstanken for dei to språka våre har lang tradisjon og veg tungt, også i den verdikonservative delen av Høgre.

**Veikskapen** i situasjonen er at det ikkje finst noko felles program for språkpolitikken, og at den slik kan bli eitt av

*Kva viss Venstre må velja mellom Lofoten-Vesterålen og skriftleg sidemål, til dømes?*

forhandlingskorta som må ofrast når heile regjeringskabalens skal leggjast. Kva viss Venstre må velja mellom Lofoten-Vesterålen og skriftleg sidemål, til dømes?

**Eg ser fleire Opningar** òg. Det tenkjast at delar av jamstillingspolitikken er litt fastlåst. Kanskje kan det vera nyttig at det kjem nye kostar som feiar i krokane og kanskje finn nye såfrø under sofaen? Kanskje finn dei nye måtar å skapa entusiasme for nynorsken på hjå elevar som strevar med nynorsk sidemål? Eller nye måtar å gjera oss i Nynorskland stolte over språket på? Det er ein god del likesæle og husmannsånd å spora i våre rekkjer.

Men, same kor ein snur og vender det: Det er Trugsmåla som er mest synlege nett no. Dei to største partia vil avskaffa skriftleg sidemål. Høgre vil òg la byråkratane få svara på si målform, ikkje på den målforma som han Ola og ho Kari skriv til staten eller fylkesmannen på. Og Frp er ferdige med målstriden i handlingsprogrammet: «Språkkampen er i stor grad historie, og i dag er det ein voksende enighet om at enkeltmennesker selv skal få velge sin språkform.»

Eg er redd for den T-en i SVOT-en min. Men den nye regjeringa må få sin sjanse. Me skal ikkje dømma på førehand.

**BEST WESTERN BONDEHEIMEN Sidan 1913**

Rosenkrantz' gate 8  
N- 0159 Oslo  
+ 47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.no

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden  
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss



97

## kommunar deltek i det nasjonale dagnadslaget for kulturarven



– Eg meiner det er viktig å setja kulturarven vår høgare opp på den politiske dagsorden. Dette er med å gje grunnlag for verdiskaping og god omdømmebygging. Eg oppmodar alle kommunar om å samarbeida med Norsk Kulturarv.

*Ordfører i Hol kommune, Tony Arild Kjølv*

Sjekk om din kommune er med på våre nettsider  
Hol kommune er med i både LNK og Norsk Kulturarv.



# Norsk Kulturarv

## Nynorsk vaksenopplæring i Sogndal



Illustrasjonsfoto: Elisabeth Bjørkhaug

— **Me går frå å vera ein bokmålskule til å verte ein nynorsk-skule, seier rektor Knut Ole Myren ved vaksenopplæringa i Sogndal til Sogn Avis.**

— Me tek nybyrjarane først. Det vart for voldsomt å ta alle i eitt jafs, men planen er at bokmål gradvis

skal fastast ut og nynorsken ta over, seier rektoren.

Dei som ynskjer det, vil framleis få tilbod om bokmål, men erfaringar frå Førde og Gloppen tilseier at det stadig blir færre av dei som vil ha bokmål.

For sogndalsordførar Jarle Aarvoll er dette gode nyhende, og han meiner det vil vere ein styrke for denne gruppa å få undervisning på nynorsk.

— Med sognamaal vil du kome deg heilt til Konstantinopel. Då vil du òg kome langt med nynorsk, seier Aarvoll til Sogn Avis.

Lærarane er derimot meir skeptiske. Dei er ikkje minst uroa over mangelen på undervisningsmaterieill på nynorsk.

— Me skal undervise både analfabeta og professoren. Det er ikkje like stort mangfald å ta av på nynorsk som på bokmål, seier lærar Kirsti Loftnesnes.

### Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det LOs største forbund, på veg mot 340 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.  
Send **Fagforbundet medlem** til **1980**



omtanke  
solidaritet  
samhold

 FAGFORBUNDET



**Svein Tore Marthinsen**  
er statsviter, og analyserer val, norsk politikk og sosiale medium

### PÅ KOMMUNEVIS

#### Kven er vinnaren?

Viss målestokken er færre stortingsval, har stortingsvalet dette året tre vinnarar: Høgre, Venstre og MDG. Og fem taparar: Raudt, SV, Ap, Sp og Frp. Høgre har gjort sitt beste val sidan 1985. Partiet har nytt godt av at dei har stått fram som den beste garantisten for å stable eit borgarleg styringsalternativ på beina. Ønsket om noko anna enn raudgrønt styre har trumfa det meste anna for mange velgarar ved dette valet, og det har særleg kome Høgre til gode. Partiet har også lukkast med den retoriske omlegginga si, der dei snakkar meir om menneske og mindre om milliardar. Det har gjort det lettare å stemme Høgre for dei lilla veljarane som står mellom Høgre og Ap.

**VENSTRE FEIRA VALET** som ein siger og har grunn til det. Å kome seg over sperregrensa med brukbar margin og få ei stortingsgruppe av ein viss storleik er ei stor oppmuntring for eit parti som berre har hatt to representantar denne perioden. Til liks med dei to andre sigerherrane, Miljøpartiet Dei Grøne og Høgre, appellerer Venstre godt til den urbane middelklassen. MDG fekk sitt nasjonale gjennombrøt, sjølv om det blei eit stykke opp til sperregrensa.

**DET FINST LYSPUNKT** for dei fem partia som tapte valet. Ap kan gle seg over at dei framleis er det største partiet, og at dei nok ein gong klarte å mobilisere bra i sluttfasen av valkampen. Likevel: Fram mot valet i 2017 må partiet utarbeide nokre idear og visjonar som kan peike ut over alt det pragmatiske som partiet står for. Noko som kan skape ny entusiasme. SV låg ifølgje meiningsmålingane an til å kome seg opp på 5-talet, men i staden vart det ein dramatisk kamp mot sperregrensa, noko som igjen viser partiet sitt hovudproblem: illojale veljarar. Konkurransen med MDG og Rasmus Hansson om miljøveljarane blir interessant i den perioden som ligg framfor oss. Den andre regjeringskollegaen, Sp, klarte seg noko betre enn SV fordi grunnfjellet deira er større. Men resultatet er likevel det dårlegaste i historia for partiet.

**SIV JENSEN VAR EUFORISK** på valnatta. Euforien bør bli sett i lys av to ting: Frp frykta at dette ville gå mykje verre, og ho og partiet er no på veg inn i regjering, noko som er livsprosjektet hennar. Det er store forventingar blant partiet sine veljarar til kva ein kan få til, forventningar som ikkje ein veslebror kan innfri. Om dei ikkje skal «gå på ein SV», må partiet sine singlar bli dyrka, og dei må klare å vise ovanfor omverda at det faktisk gjer ein forskjell å ha med Frp i regjeringa.

Raudt? Nok ein gong gjekk det skeis. Kva med KrF? Valet vart verken eller. Mange i partiet er sikkert greitt nøgde med at ein ikkje gjekk ned. Men valet i 2009 var KrF sitt svakaste, og ein reprise av dette er i grunnen ikkje så mykje å glede seg over.

*Partiet har også lukkast med den retoriske omlegginga si, der dei snakkar meir om menneske og mindre om milliardar.*



**Gro Skartveit (V) er ordfører i Finnøy kommune.**



Det er 21 folkevalde i kommunestyret i Finnøy: Arbeidarpartiet 3, Kristeleg folkeparti 5, Høgre 3, Senterpartiet 4, Framstegspartiet 1, Sosialistisk venstreparti 1 og Venstre 4.

Finnøy kommune er ein øykommune i Rogaland. På 16 av øyane bur det folk, til saman om lag 3000 personar.

Kommunikasjonen skjer i hovudsak med ferjer og hurtigbåtar. Kommunen fekk fastlandssamband via tunell til Rennesøy hausten 2009.

Kommunesenteret ligg på Judaberg på Finnøy. Her finn du rådhuset og mange av kommunen sine om lag 340 tilsette.

Kommunen har 6 skular/opvekstsentar og ein vidaregåande skule, og organisasjonslivet er rikt.

Hovudnæringane i Finnøy er jordbruk, havbruk og turisme.

Kjelde: Finnøy kommune



Illustrasjon: Gerhard Stoltz

#### ORDFØRAREN OM:

#### SPRÅK:

Finnøy er ein nynorskommune der me kjener lite til bokmålspresset. Sjølv er eg nynorskburkar på min hals.

#### SOSIALE MEDIUM:

Her er kommunen altfor dårleg. Me må bli meir synlege i sosiale medium og må vere der folk er.

#### KOMMUNESAMANSLÅING:

Det blir kommunesamanslåg, enkelt og greit. Eg håpar berre me får lov til å gjennomføre desse prosessane lokalt, eg vil ikkje at andre skal teikne kartet for oss.

# — Heilt naturleg med nynorsk

**Ordfører Gro Skartveit (V) kjenner seg trygg på at Finnøy har ein solid nynorsk identitet.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er hektiske dagar i Finnøy kommune, omkampen om kven som skal få drive legebåten i øykommunen, er i gang. Når skodda heng over fjorden og legekontoret er stengt, er det legebåten som reddar liv i Finnøy. No skal Helse Stavanger finne ut kven som får lov til å drive båten i åra framover.

— Det er travelt, men spanande, seier ordføreren, som har funne nokre tilmlte minutt til oss.

— Du har vel nyleg landa etter valsigeren, du er godt nøgd med resultatet?

— Det er eg, jo. Men som ordfører er eg også spent på kva valresultatet har å seie for distrikta. Det er eg ikkje så sikker på. Det blir stadig høgare krav til kommunal drift, og då treng ein også midlar å drive for, slår venstreordføreren fast.

Nyleg lanserte Stavanger Aftenblad henne som ein av kandidatane som kan bli spurde om å gjere ein jobb i regjeringskvartalet. Likevel høyrer det ut som om utfordringane som ordfører er spanande nok, i alle fall framleis.

#### MANGFALDIG KOMMUNE

— Eg er stolt over å vere ordfører i denne kommunen, ikkje minst sidan folk er så engasjerte. Dei står på og held liv i eit mangfald av organisasjonar og frivillig arbeid. Det står det respekt av.

Skartveit meiner at land- og havbrukskommunen har mykje å by på, både for hyttefolk og fastbuande. Trass i ein økonomi der sparekniven må brukast kraftig denne hausten, er ordføreren positiv. Etter at store deler av øysamfunnet vart landfast med Stavanger med Finnfast i 2009, har folketallet fått seg ein oppsving og er no oppe i 3050. Sjølv om kommunen har fått kortare veg til byen, meiner ordføreren at Finnøy framleis klarer å halde på identiteten og særpreget — også når det gjeld språk. Skartveit meiner det er forskjell på Finnøy og nabokommunen Rennesøy, som kanskje merkar meir til bokmålspresset frå byområdet.

— Me kjener ikkje bokmålspresset på kroppen ennå, men me veit jo ikkje korleis dette vil utvikle seg. Me har



**OPPTUR:** Ordfører Gro Skartveit blir lofta høgt opp av ol-meister i roing, Olav Tufte, under årets utgåve av Tomatfestivalen. (Foto: Bjarne Vestbo)

mange arbeidsplassar og aktivitetar i kommunen, vegen ut har ikkje ført til at «alle» pendlar ut, og me har såpass lang veg ut at folk i stor grad ikkje deltek på fritidsaktivitetar i Stavanger. Det er ofte det som skjer i kommunar der nynorsken blir pressa ut av bokmålet.

#### ORDFØRER OG FORFATTAR

Skartveit meiner nynorsk er heilt naturleg som administrasjonsspråk i kommunen. Til no har ho ikkje sett klager frå nyttilsette eller nyutdanna som heller ynskjer å skrive bokmål.

— Det er ikkje noko tema, det kan sjå ut som at nynorsken er heilt naturleg for dei.

At lokalavisa Øyposten no blir gjeven ut på bokmål, synest ho derimot er verre å kommentere.

— Mange har nok lagt merke til det, men det er ikkje noko me kan gjere noko med. Me får gjere noko der me har høve til det.

Sjølv er ho nynorskburkar inntil marginen. Både som politikar og som forfatar. Dei to bøkene ho har gjeve ut, er begge på nynorsk.

— Ein av lesarane mine ringde faktisk for å høyre om den eine boka mi kom til å kome på bokmål, seier ho og ler.

Det er første gongen eg har høyrte om noko slikt. Sjølv sagt kom ho ikkje på bokmål. Det ville jo vore heilt unaturleg.

## Vil presentere næringslivet

**Tomatfestivalen gjeikk av stabelen i Finnøy for 11. gong denne sommaren. Målet er å presentere næringslivet i kommunen.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

— Mottoet vårt er frå jord til bord, og frå fjord til bord, seier festivalgeneral Kristian Spanne.

Føremålet med Tomatfestivalen er å vise fram hovudnæringane i kommunen, som primært er havbruk og landbruksnæringar. Spanne meiner ein no har klart å etablere Tomatfestivalen som eit positivt tiltak som stadig er i utvikling, og som kvart år samlar mange gjester i øykommunen.

— Me kunne kalla dette for Finnøydagane, men då hadde han forsvunne i jungelen av andre festivalar. For oss vart det viktig å skilje seg ut og å spisse bodskapen.

#### BORNA ER VIKTIGE

Tomatfestivalen samlar om lag 4500 besøkjande og 80 utstillarar i år. Spanne legg vekt på kor viktig det er å skipe til ein festival for alle aldersgrupper, også for barna. For festivalleinga meiner det er vesentleg å få til arrangement som kan vise borna matkulturen i regionen.

— Me har eit fast pizzatelt, der borna kan melde seg på og lage sin eigen pizza. Nytt av året var at dei kunne ha laks på pizzaen, det er viktig å få fram den næringa også, seier festivalgeneralen.

#### VIL NÅ ALLE

Tomatfestivalen byrja på torsdagen med næringspolitisk debatt, på fredagen var det mellom anna inspirasjonssamling med Olav Tufte og ungdomssamling. Laurdagen er dagen då det yrer av liv på Judaberg, med utstillarar, kulturelt program og besøk hjå fleire av produsentane. På søndagen var det lagt opp til familiedag med Finnøymarsjen og Griegløpet.

— Det er viktig for oss at alle aldersgrupper skal finne noko kjekt i løpet av desse dagane, meiner Spanne.



**STERK TRU:** Jan Terje Vignes (32) har sterk tru på tomatnæringa, difor satsar han sterkt og har no planar om utviding.



(Foto: Fotograf Nordveit)

# Satsar på tomatar

**Jan Terje Vignes (32) er ein av dei største tomatproduzentane i landet. Trass i plantesjukdom som sette ein midlertidig stopp for utviklinga, har han no planar om å utvide.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Du kan ikkje unngå å sjå dei kvite drivhusa som tronar i landskapet på Finnøy. Det tar mykje plass å drive med tomatproduksjon. Mykje plass og mykje lys. Oppe på kontoret til sjefsgartner og eigar av Lauvsnes Gartneri, Jan Terje Vignes, ligg det sjølv sagt tomatar på bordet. Langs veggen står plakettane: Bygdeutviklingsprisen 2012, Årets Ung Bonde 2012 og Næringslivsprisen på Finnøy 2011. Over arbeidsbordet tronar drivhustaket.

— Det er mogleg det blir produksjon her og viss me utvidar. Då flyttar me berre kontoret, seier Jan Terje og ler.

I dag er han ein av dei største tomatproduzentane i landet, og med ein produksjon på 500 tonn cherrytomatar og 25 tilsette satsar han kraftig på drivhusnæringa. Jan Terje produserer sin eigen søte cherrytomat; Juanita. Denne tomaten er å finne i om lag 60 prosent av matvarebutikkane i landet.

— Det tok oss fleire år å kome fram til den søte tomattypen. Me er dei einaste som produserer Juanita, og no kjem det også til å stå frå Ryfylke på pakkane. Me har dessutan arbeid for å få med ryfylkelogoen, men den må me nok vente litt på, seier Jan Terje.

#### PLANAR OM Å UTVIDE

Det var eit frøfirma som kom med det eksotiske tomatnavnet Juanita, som eigentleg betyr honningsøl. I tillegg til tomatane har

Jan Terje 7500 verpehøner og driv med kyr og sauer i samdrift med naboen.

— Det er litt galskap i dette, men i botnen ligg det heile tida eit mål om å få det til, om å skape noko, seier Jan Terje.

Han kom heim frå jordbrukskolen i Lyngdal som 19-åring og bygde sitt første drivhus på heimegarden. Det var to mindre drivhus på garden frå før, men Jan Terje ville gjerne satsje. I dag har han endeleg fått på plass heilårsproduksjon av tomatar under kunstig lys. Totalt har han investert om lag 45 millionar kroner, men det stoppar ikkje der.

— Me har planar om å utvide med 10–15 mål til. I tillegg er eg involvert i vidareforedling av overskotsomatar og i arbeidet med å få Bioenergi Finnøy på beina.

Biogassanlegget er planlagt å ligge på nabotoma til Jan Terje, og gartneriet vil truleg bli den største kunden til anlegget.

— Det blir viktigare og viktigare å tenkje på miljø og gjenvinning, seier den unge bonden.

— Eg har hatt planar om å få til heilårsproduksjon i mange år, men mange har meint det kom til å bli for dyrt. No er eg glad me har fått det på plass, og det viser godt igjen på omsetnaden.

#### HEKTISK LIV

Varmen slår i mot deg når du går inn i drivhusa, her står tomatplantene tett i tett, under kunstig lys og i ein temperatur som er godt over 20 grader. Sjølv om vinden piskar rundt dørene på Finnøy denne dagen, er arbeidsuniforma til dei som plukkar tomatar, shorts og t-skjorte. Inne blant tomatpakkar og stablar med grøne kassar går far Geirulf. Etter nokre år vekke der han var med på å starte opp Finnøy Buss, er han no attende for fullt på gartneriet, noko sonen set pris på.

— Det er kjekt at far er med her. Og nyttig. Det meste er sårbart her inne, me må vere til stades heile tida. Det skal ikkje meir til enn 2-3 timar utan vatn her, så døyr plantene, seier Jan Terje, som fortel at han har heile tre vasskjelder å stole på dersom ulukka er ute.

Sjølv om arbeidet er blitt ein livsstil, påstår Jan Terje at han er blitt flinkare til å ta fri og reise på ferie no enn han har vore før. Livet på garden kan vere hektisk, og då er det godt å kunne ta med kona Lisa og borna Even (2 1/2) og Gina (6 md.) på tur.

— Eg klarer å slappe av no når eg er vekke, men eg må likevel ha kontrollen. Må heile tida vite kva som skjer.

Jan Terje er også aktiv på utsida av garden. Ikkje minst er han styreleiar for Ryfylke Gartnerlag, som no organiserer gartnerstanden i lag med Tomatfestivalen på Finnøy.

#### KUNNE IKKJE GJE OPP

I fjor fekk Jan Terje eit godt bevis på kor sårbart næringa eigentleg er. Ein frykta

plantesjukdom slo til i drivhuset tidleg på vinteren i 2012. Dermed måtte dei rive ut alle tomatplantene og brenne all innreiing. Produksjonen stoppa opp i fleire månadar, og dei fleste tilsette vart permitterte. Jan Terje stod att med eit tomt drivhus og ei litt meir usikker framtid.

— I ettertid ser eg at dette var lærerikt, men det er ein situasjon eg ikkje unner nokon, fortel Jan Terje.

— For oss var det i alle fall viktig å få teke det med rota og få det vekke for det spreidde seg, slår far Geirulf fast.

Sjukdommen som slo til, blir kalla TCV og er ein sjeldan type. Det siste utbrotet gartneren på Finnøy kjener til, var eit i England i 2007. Då me besøkjer gartneriet, er sjukdomshistoria komen litt på avstand. Jan Terje ser at det går an å bygge opp att på relativt kort tid, og forsikringsselskapet har nyleg sagt ja til kravet om erstatning.

— Det er krevjande å dyrke tomatar, men det er òg noko av det kjekke ved det. Ein kan i alle fall ikkje berre gje opp, slår Jan Terje fast.



(Foto: Fotograf Nordveit)



# — Me må selje matkulturen



**MATKULTUR:** Frode Selvaag har sterk tru på å selje matkulturen i regionen ut til turistane. (Foto: Fotograf Nordveit)



Foto: Fotograf Nordveit



Foto: Fotograf Nordveit

## Ryfylkekokken Frode Selvaag har bygd opp eit ekte matkultursenter på Finnøy.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Nede på kaien i Steinnesvåg på Finnøy ligg Landahuset, eit ekte matkultursenter der Ryfylkekokken driv serveringsstad, kursstad og eige kjøkken. Han er oppteken av at lokale matvareprodusentar skal vise att i regionen.

— Me har berre sett ein veslefinger av den interessa som finst der ute for trygg og rein mat. Og kvifor skal alle produsentar bli så store. Dei fleste av oss kan vere lukkelege som små, meiner Selvaag.

Han sparkar frå i debatten om at Rogaland er i ferd med å miste fotfeste som matfylke.

— Rogaland er ikkje det matfylket me gjerne vil vere. Me må

ikkje ta livet av mangfaldet som finst her. Me må våge å satse meir på dei små, våge å sjå til kommunar som Inderøy i Trøndelag, som har laga til Den Gyldne Omvei. Der tilbyr dei lokal kunst, kultur og matopplevingar som gjev regionen ein heilt spesiell identitet.

Før Ryfylkekokken kom til Landahuset på Finnøy, var han innom Gastronomisk Institutt i Stavanger, var kokk ved den norske ambassaden i Washington DC, souschef på Craigs Kjøkken i Stavanger og kjøkkensjef ved Spa Hotell Velvære på Hjelmeland. Han har klokkartru på matkulturen i Ryfylke.

— Det er ikkje noko i vegen for at Ryfylke kan bli det for Noreg som Toscana er for Italia. Me har spekteret og mangfaldet. Men me må slutte å snakke om at det er naturen som fangar turistane. Me å byrje å selje historia og matkulturen vår, slår han fast.

# Samletema på Falturiltu-festivalen



Einar Økland er festivalforfattar på årets nynorske barnelitteraturfestival, Falturiltu, på Stord. (Foto: Samlaget)

## Under den sjuande Falturiltufestivalen blir temaet *Eg fann, eg fann, noko som passar festivalforfattar Einar Økland godt.*

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Økland, som sjølv er ein aktiv samlar, kan ein oppleve under opningsfestkonserten i kulturhuset søndag 3. november, blant anna saman med Frode Grytten og Mads Berven, som vil framføre førestillinga Gabba Gabba Hey! Økland er i tillegg gjest hos populærorkesteret Finn- Erix saman med grunnlovsaktuelle Are Kalvø og 75-årsjubilant og plateaktuelle Oddvar Torsheim på Arena fredag 8. november.

## SKIPAR TIL BARNEUTSTILLING

I tillegg vil festivalforfattaren same dagen delta på det faglege seminaret ved Høgskulen Stord/Haugesund saman med Akin Düzakin, Ashild Kanstad Johnsen og Øystein Runde, og tekstane hans vil vere utgangspunkt for det årlege musikalprosjektet til kunst- og musikkstudentar ved HSH. Programmet for festivalen er variert. I Stord kyrkje blir det kulturkveld med festivalforfattaren og musikarar, blant anna saksophonisten Ole Jacob Hystad og pianisten Eivind Austad. Dette skjer i regi av Stord sokneråd. Alle tredjeklassingane i Stord kommune skal jobbe med tekst og bilde frå to av Økland sine bildebøker, *Du er så rar* og *På rifot*. Dette vil munne ut i utstillinga *Eg fann, eg fann!* i festivalveka.



Terje Lyngstad  
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

## TEATER

### MED LEIK SKAL VONDT FORDRIVAST

Eg har to pass, eitt norsk og eitt kjartanistansk. Eg er altså borgar av Kjørtanistan, den grensesprengande staten som kunstnaren Kjørtan Slettemark oppretta. Det er få ting i livet eg er meir nøgd med, enn å vite at eg er borgar i Kjørtanistan. Det gir meg ein trygg identitet. Eg veit kor eg høyrer til, eg har begge beina planta i sandkassen.

**Å vere borgar i Kjørtanistan** forpliktar, til å leite, til å leike. Eg liker å springe. I mange år har eg dagleg sprunge eit par mil, langs vegen, på bane, på tredemølle, over fjell og vidde. Eg deltek i maratonløp så ofte eg kan, ikkje for å vinne eller tene pengar, men fordi eg vil tilbake til kjensla eg hadde som liten, då eg brukte dagane til å leike og visste kva som hadde verdi, utan at eg den gongen visste at eg visste nettopp det.

Då barndomen forsvann og eg blei ungdom og vaksen, lærte eg raskt at leiken ikkje hadde nokon verdi. Det som hadde verdi, var prestisjen i utdanninga, statusen eit yrke gav, løna og tinga eg kunne skaffe meg. Når vi fjernar oss frå leiken og knytter oss til materielle gode, veks avstanden mellom menneska.

**Kjørtan Slettemark** fortalde meg ein gong om korleis han forandra seg frå menneske til puddel i løpet av ei helg. Han var student i Stockholm, og i helgane reiste dei fleste studentane heim. Det hadde ikkje Kjørtan høve til. Han kjende seg ein-sam og oppsøkte arbeidskontoret, mest for å få nokon å prate med. Det var fredag og seint på dag, og han som tok imot, bad Kjørtan om å kome

att på måndag, så skulle han få ein kundebehandlar. Kjørtan trudde han høyrde «hundebehandlar» og gjekk heim for laga ei puddeldrakt. Måndag morgon møtte han på arbeidskontoret som puddel, og som alle tillitsfulle hundar logra han med halen og gjorde alt han kunne for å vere menneskets beste ven. Det var Kjørtan Slettemark som sa at vondt skal med kunst fordrivast, og Kjørtanistan er nettopp ein stat for leik og kunst, eit land fullt av humor, der latteren trumfar sinnet, der freden trumfar grunnen.

**I april reiste eg til Boston** for å springe Boston Marathon. For å kome inn i USA måtte eg vise det norske passet, eg ville ikkje ha kome inn i landet utan, men under løpet var eg ikkje norsk lenger, eg var verdsborgar, ein mann frå Ingenland, eit land utan grenser, eit Kjørtanistan, med bror og systyr frå alle verdshjørne rundt meg i ein stor smilande fellesskap.

Alle som spring maraton veit at det er tre gongar du med svært god grunn kan gråte av glede; først når du kvalifiserer deg til Boston, deretter når du får beskjed om at du har fått plass i løpet, og til sist når du spring over målstreken. Ein time etter at maratoneventyret var over for min del, fekk eg ein fjerde grunn til å gråte, men ikkje av glede. To bomber gjekk av i målområdet. Tre menneske vart drept. Mange vart hardt skadde.

**Åtte år gamle Martin Richard** var ein av dei som omkom. Han stod og venta på at faren skulle kome i mål. Nokre dagar før løpet sat Martin saman med klassen sin og teikna og skreiv for å gi uttrykk for tankar og kjensler etter den ufatalege tragedien i Newton, der 26 menneske på ein skule vart drept av ein mann med våpen. Eg veit ikkje om Martin Richard var borgar av Kjørtanistan. Eg trur han var det utan at han visste det sjølv. Han var berre eit barn, enno i stand til å vite kva som har verdi i livet, utan at han visste at han visste det. Eit foto viser kva han tenkte etter den tragiske hendinga i Newton. Han smiler og held eit ark framfor seg. På arket står det «No more hurting people. Peace».

*Då barndomen forsvann og eg blei ungdom og vaksen, lærte eg raskt at leiken ikkje hadde nokon verdi.*

**startside** /  
www.startside.no

Klikk deg til meir nynorsk!  
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:  
www.framtida.no/tags/framtida




Foto: Fotograf Nordveit



**SITATET:**

– Elevane må sleppa den grunnleggjande verbbygginga, og å bruke tida på å bla i ordbøker. I dag skaper denne læringsforma eit angst- og hatforhold.

Høgre-leiar Erna Solberg til NRK Hordaland om sidemålet.

## Barnebokstipend til Lars Mæhle

**Lars Mæhle får Bokhandelens barnebokstipend på 40 000 kroner.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

astrid@norsk-plan.no



Stipendet er eit samarbeid mellom Bokhandlerforeininga og Norske Barne- og ungdomsbokforfattarar (NBU). Målet med stipendet er å utvikle forfatterskap og løfte fram nye barnebøker.

– Lars Mæhle er ein godt etablert forfattar med fleire spanande og fengjande prosjekt i mange ulike sjangrar og han har så langt i forfatterskapet vist ein stigande formkurve. Bøkene hans blir berre betre og betre og han når

stadig fleire barn og unge. Det er med stor glede og begeistring at NBUs litterære råd innstiller Lars Mæhle til Bokhandlerstipendet 2013. Vi kjenner oss trygg på at dette vil inspirera forfattaren til å halda fram med å skriva gode bøker til glede for små og store lesarar, skriv juryen.

Mæhle debuterte med ungdomsromanen *Keepere til Tunisia* i 2002. Den prislønte filmen *Keeper'n til Liverpool* (2010) er basert på denne boka.

Fantasyromanen *Landet under isen* (2009) markerte eit gjennombrudd for Lars Mæhle. Her tek forfattaren i bruk element frå

kriminalforteljinga, samtidig som innsikter i dei tre store verdensreligionane – jødedom, kristendom, islam – er sentrale. Romanen blei tildelt Kulturdepartementet sin litteraturpris for beste barne- og ungdomsbok 2009 og vann UPrisen i 2010. Boka blei dessutan nominert til Brageprisen og Ungdommens Kritikerpris.

Ungdomsromanen som Mæhle gav ut i fjor, *Fuck off I love you*, fekk stor merksemd, og også denne boka vart nominert til UPrisen. For yngre lesarar har han mellom anna skrivne om tospannet Harry og Ivar.

**PRISVINNAR:** Juryen meiner vinnar av Bokhandelens barnebokstipen, Lars Mæhle, er ein godt etablert forfattar med fleire spanande og fengjande prosjekt i mange ulike sjangrar. (Foto: Samlaget)



## Litteraturpris til Jan Roar Leikvoll

**Jan Roar Leikvoll er tildelt Stig Sæterbakkens minnepris.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

astrid@norsk-plan.no

Juryen kallar Leikvolls tre bøker *Eit vintereventyr* (2008), *Fiolinane* (2010) og *Bovara* (2012) «et nødvendig humanistisk prosjekt». Og vidare:

– Hans foreløpige forfatterskap er et av de mest gjennomførte og unike prosjektene i norsk samtidslitteratur. Det er med stor spenning vi ser frem til årets utgivelse, *Songfuglen*, og Jan Roar Leikvolls videre forfatterskap.

I Samlaget sin førehandsomtale av *Songfuglen* heiter det: – Sidan han vart fødd, har Jakoba levd som

ei jente. Han har vakse opp hos mor og tante i ein by der det berre bur kvinner. No er han i ferd med å bli ein ung mann, og han får kjensler for ei jente. Det blir stadig vanskelegare å halde løyndommen skjult, men kanskje talentet kan redde han: Ingen syng så vakkert som Jakoba, og han begynner i lære hos den beste songlærarinna i byen. Samstundes, på andre sida av juvet, djupt inne i skogen, truar brøla frå mennene.

Stig Sæterbakkens minnepris vert delt ut årlig. Prisen på 100 000 kroner går til ein forfattar med overbevisande litterære kvalitetar, originalitet og mot til å skape sine egne prosjekt, og forfattaren bør ha gjeve ut 2–4 skjønnlitterære bøker. I juryen sit Ane Nydal (kritikar), Markus Midré (forfattar) og Nina Ewart (bibliotekar)

**PRIS:** Jan Roar Leikvoll blir heidra med litteraturpris for bøkene sine. (Foto Tove K. Breistein)

Sunnhordland  
MEDIEHUSET

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

sunnhordland.no

17.500\*  
unike brukarar  
169.000\*  
sidevisingar

\* I snitt pr. veke





Meir om grøn rente på  
[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)

KBN Kommunalbanken  
Norge

[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)





aktuelt: Ragnhild Bjørge

# Språkrøktaren



Foto: NRK

**Namn:** Ragnhild Bjørge  
**Alder:** 36  
**Yrke:** Journalist  
**Aktuell med:** Byrjar snart i jobben som NRK sin første språksjef

## Ragnhild Bjørge (36) gler seg til å forma stillinga som språksjef i NRK.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

— Gratulerer med ny jobb. Korleis blir det å tre inn i rolla som språksjef i NRK?

— Det vert spanande, utfordrande og interessant. Det er eit privilegium å få lov til å vera med og utvikla ein av dei viktigaste språk- og kulturinstitusjonane i Noreg framover, og det er spanande å få utforma ei slik stilling. For det er ingen som har vore språksjef i NRK tidlegare.

— Korleis er språksituasjonen i NRK i dag?

— Me veit at dei som høyrer og ser på oss, seier at dei er godt nøgde med språket i NRK. Samstundes veit me at det likevel er for mykje feil i språkbruken vår til at eg synest at me skal vera nøgde. Språket er med på å gje tillit og tiltru til det me formidlar. Dersom ein tekst er full av skrivefeil eller ein journalist brukar feil ord eller bøyer eit verb feil, så er det noko folk hengjer seg opp i, og som dreg ned heilskapsinntrykket. Og dersom me bruker for vanskelege

Og kvar er balansegangen mellom normert språk og dialektbruk?  
NRK skal ta vare på begge deler.

ord, byråkratspråk eller til dømes hentar teksten frå ei pressemelding frå politiet, er språket ofte lite tilgjengeleg, og det skapar avstand til den me snakkar til.

Og så har me jo opna for dialektbruk. Det gjev oss andre utfordringar. For kvar går grensene for kva som er rett og feil der? Og når er noko for vanskeleg til at folk over heile landet forstår det? Og kvar er balansegangen mellom normert språk og dialektbruk? NRK skal ta vare på begge deler.

— Kva er det første du vil endra på i ny jobb?

— Alle avdelingar i NRK har egne språkkontaktar. Det er journalistar som gjev råd og rettleiing, svarar på spørsmål, får i gang ordskifte og arbeider for å gjera språket betre. Det er veldig viktig at språkkontaktane har godt med tid og rom til å jobba med språket, og det må eg hjelpe dei til å få.

Så er det sjølvsagt mange andre utfordringar som står i kø: dialekttrøkt, rettskriving, byta ut kjeldespråk med eit meir levande og fargerikt språk, framføring osv. Dette må eg diskutera med språkstyret, og så må me saman finna ut i kva rekkjefølgje me vil ta tak i ting.

— Du kjenner NRK godt frå før, kor verdifullt er det?

— Eg trur det er bra at eg kjenner til organisasjonen. NRK er mangfaldig og har mange ulike utfordringar. Det at eg har jobba her i mange år, gjer i alle fall at eg kan

Språket er med på å gje tillit og tiltru til det me formidlar.

bruka kortare tid på å orientera meg, og at det vonleg er lettare for folk å ta kontakt med meg.

— Er språk ein «snakkis» i NRK-gangane?

— Det varierer nok frå redaksjon til redaksjon. Eg håpar me skal snakka mykje meir om språk framover. Språket er trass alt det viktigaste verktøyet me har, og korleis me bruker det, avgjer om og korleis me når fram til folk.

— Blir det meir nynorsk i NRK når du tek over som språksjef?

— NRK har framleis ikkje nådd kravet om minst 25 prosent nynorsk i alt me sender og publiserer. Det skal me, så meir nynorsk må jo vera ein klar målsetnad.

— Korleis kan me få inn meir nynorsk i nasjonale medium?

— Gode nynorskbrukande journalistar og skribentar er kanskje det aller viktigaste. Men dei må jo òg krevja å få bruka språket sitt. Så må redaktørar og styre snart sjå på nynorsk som eit språk nordmenn brukar og lever med, og som dei sjølvsagt vil lesa. Det er òg viktig å visa at folk vil lesa, sjå og høyra nynorsk i media, og der har forbrukarane ei viktig rolle. For NRK er det viktig å visa at nynorsk er eit heilt normalt, fullgodt bruksspråk, som kan og skal brukast til alt, nett som bokmål. Vonleg vil fleire andre mediehus og redaktørar også sjå det etter kvart.

**Odd Eirik Færevåg**  
(f. 1976) kjem frå Røvær. Han bur i Haugesund og arbeider som lærar. Han debuterer med lyrikksamlinga *Dagane grå*  
Foto: Haakon Nordvik

## debutanten

Tyn son. Sjukehus.  
Stetoskopet. Ryggen hans.  
Ein brå kald sirkel.

Samlaget 2013

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK  
KORTET  
2011-2013

HOTELL HORDANEHEIMEN

Best Western

Bonde  
vennen

BEST WESTERN  
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir